



Åse Grønsnes  
Midtsundet 3  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/844 - 14/5516

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.laedre@meland.kommune.no

Dato:  
23.04.2014

## Godkjenning - tilbygg til bustadhus, fasadeendring og oppføring av terrasse, gnr. 26, bnr. 50.

**Administrativt vedtak. Saknr: 89/2014**

**Eigedom:** 26/50  
**Byggjeplass:** Midtsundet 3  
**Tiltakshavar:** Åse Grønsnes  
**Planstatus:** Kommuneplan - bustadområde

**Søknad om:** Tilbygg til bustadhus, fasadeendring og oppføring av terrasse

### Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad, motteke 19.02.2014, og supplerande dokumentasjon motteke 24.02.2014 og 11.04.2014. Søknaden gjeld tilbygg til bustadhus, fasadeendring og oppføring av terrasse på gnr. 26, bnr. 50 i Midtsundet 3.

### Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen som bustadområde.

### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 12.02.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteken 19.02.2014. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

**Vedtak**

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til tilbygg til bustadhus, fasadeendring og oppføring av terrasse på gnr. 26, bnr. 50 i samsvar med søknad motteke 19.02.2014 og supplerande dokumentasjon motteke 24.02.2014 og 11.04.2014.

Det vert vist til vedlagte kart motteke 19.02.2014 og teikningar motteke 24.02.2014 og 11.04.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.*

Med helsing

Anny Bastesen  
Sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
Konsulent

**Kopi til:**

Åse Grønsnes

Midtsundet 3

5918

FREKHAUG